

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 13. oktober 2020
	Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjestova Fredheim
Opning:	Signe

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (vara)
Forfall:

SAKLISTE

2020/55- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent med tillegg av tre eventuelt-punkt nemnt sist i referatet. Samrøystes.

2020/56- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent, samrøystes.

2020/57- 312 Utkast til ny lokal gudstenesteordning

vedl 1

Gudstenesteutvalet har laga eit utkast til ny lokal grunnordning. Utvalet legg dette fram for soknerådet til drøfting.

Vedtak:

Soknerådet vedtek utkast til lokal grunnordning med dei endringar som kom fram i møtet. Soknerådet legg utkastet fram for stab og soknemøtet for høyring. Endeleg vedtak blir gjort i soknerådsmøte 29.10.20. Samrøystes.

2020/58- 315 Julaftengudstenester 2020

Olav innleier til drøfting av ulike alternativ for gjennomføring av julaftengudstenester.

Forslag:

I

Dersom det er opning for det frå biskopen si side ønskjer soknerådet eit opplegg med kombinasjon av open kyrkje med korte gudstenester, salmesong og tekstlesing, i tillegg til strøyming av ei av desse gudsteneste på nett.

II

Soknerådet ønskjer eit opplegg med kombinasjon av open kyrkje og minimum ei gudsteneste som blir strøyma og liggjande ute på nett i romjula. Denne gudstenesta må ha påmelding.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer eit opplegg med kombinasjon av open kyrkje og minimum ei gudsteneste som blir strøyma og liggjande ute på nett i romjula. Denne gudstenesta må ha påmelding.

Vedteke med 8 mot ei stemme.

2020/59- 362 Fokus på misjonsprosjektet (Oppfølging av Sak 2020/50)

Diakoniutvalet (v/ Signe og Dagfinn) legg fram forslag til korleis me kan auke fokuset på misjonsprosjektet gjennom ulike initiativ gjennom hausten.

Vedtak:

Utsett til neste møte

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2020/60- 012 Soknerådssamling i november

Soknerådet drøftar behovet for og innhald i eit evt laurdagsmøte i november.

Mogelege tema: Utvalsarbeidet, nye innspel frå medlemmer av staben (ungdomsarbeid)

Vedtak:

Utsett til neste møte

• Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. PREP-kurs planlagt gjennomført i november 2020, i regi av Stord sokneråd
2. Utvalsarbeid (Oppfølging av Sak 2020/52) – Utsett til neste møte
3. Aktivitet i Kyrkjestova (Oppfølging av Sak 2020/54) – Utsett til neste møte
4. Samling om smittevern i kyrkjene, 20.oktober
5. Innspelsmøter ifm ny kyrkjeleg organisering – utveksling av kommentarar frå møta.
– Utsett til neste møte
6. Statusoppdatering frå Stord Kyrkjelege Fellesråd v/Dag

• Skriv, referat og meldingar

1. Referat frå møte i Stord kyrkjelege fellesråd 17.sept 2020
2. Referat frå møte i Nysæter sokneråd, 25.august 2020
3. Referat frå styremøte i Kyrkjestova Fredheim, 24.aug 2020
4. Prosidag i Nysæter kyrkje, 16.oktober
5. Referat frå styremøte i Kyrkjestova Fredheim, 28.sept 2020

Eventuelt:

1. Referat frå utvalsmøta bør følgja innkalling til soknerådsmøta.
2. Diakoniutvalet ønskjer meir fokus på frivillighetsbasert diakoniarbeid.
3. Kan me som lokal kyrkje gjera noko i høve til mottak av flyktningar? Det er ønskje om å drøfta dette tema i neste møte.

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign

Lokal grunnordning, framlegg til mal (nynorsk og bokmål)

Reglar for fastsetting av Lokal grunnordning finst i Allmenne føresegrer for Ordning for hovudgudsteneste / Alminnelige bestemmelser for Ordning for hovedgudstjenesten punkt C (pkt 51-67).

Ein bør ha minst to faste hovudgudstenester: høgmesse og familiegudsteneste som kyrkjelyden kan bli vant med. Hovudgudstenesta har fire delar: I. Samling, II. Ordet, III. Nattverd, IV. Sending, og nokre element skal være med i alle hovudgudstenester (pkt 59). I ei Lokal grunnordning skal det gå fram kva som er fast, og kva som er variabelt (pkt 60).

Lokal grunnordning kan innehalde vedtak om praktiske forhold (pkt 67):

- Bruken av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta
- Bruk av medliturgar og eventuell bruk av liturgiske kler for ikkje-vigsla medliturgar
- Bruk av prosesjonar, prosesjonskors og prosesjonslys
- Retningslinjer for privat fotografering og lyd- og bildeopptak under gudstenesta
- Andre faste rutinar ut frå lokalt særpreg og lokale behov

Nynorsk:

Reglar for fastsetjing av Lokal grunnordning finst i Allmenne føresegrer for Ordning for hovudgudsteneste punkt C (pkt 51-67). s 256:

Soknerådet må særskilt ta stilling til følgjande, (*skriv gjerne rett inn i dokumentet*):

1. Liturgisk musikk (Kyrie – Gloria – Sanctus – Agnus Dei)

Normalt brukar ein allmennserie	1
Kyrkjelyden brukar serien for fastetida	Nei
Kyrkjelyden brukar serien for festtida	Ja

2. Bruk av prosesjonar (Inngang. Evangelieprosesjon. Utgang)

I einsildgudstenester vil det vere høve til å nytte prosesjon, eks: ved dåp og der ein ynskjer å synleggjere deltakarar/tema. (t.d. Hausttakkefest)

3. Informasjon (1 Førebuing) eller kunngjeringar (16) Korleis gjer vi det?

Det vert kort naudsynt informasjon om gudstenesta etter klokkene har ringt saman til gudsteneste.

Kunngjeringane kjem som ledd 16, innleiing til forbøn. Dette punktet vil og vere staden for særskildte innslag / markeringar. (td. Utdeling av «fireårsboka» osb.)

4. Samlingsbøn. Ta stilling til kva samlingsbøn som normalt skal brukast.

Som samlingsbøn nyttar vi normalt forslaga 1-8, eller dagens bøn.

I familiegudstenester brukar vi som oftast ei hermebøn, t.d Kjære Gud ta handa mi...

5. Syndsvedkjenning. Ta stilling til plassering (som ledd 5 eller ledd 17) og alternativ.

Synsvedkjenninga kjem som ledd 5 i gudstenesta

6. Dagens bøn. Ta stilling til om dagens bøn normalt skal brukast.

Dagens bøn kan høvesvis nyttast

7. Dåp. Ta stilling til bruk av medliturgar, dåpslys, fadervår. Alle kyrkjelydar må ha kapasitet til dåp for dei som bur i soknet, ein må avgjera om det skal skje berre i hovudgudstenesta (og eventuelt kor mange) eller også i egne dåpsgudstenester for å ha kapasitet til alle.

- Medliturg kan nyttast ved dåp
- Det vert tend dåpslys for kvart einskild dåpsbarn i samband med dåpshandlinga
- Herrens bøn vert ikkje nytta i dåpsliturgien, men kjem i samband med forbøna eller nattverdlturgien.
- Det må leggjast til rette for tilstrekkeleg tal dåp i samband med ordinære gudstenester og ved særskilte dåpsgudstenester.

8. Halleluja-omkvad. Ta stilling til kva halleluja-omkvad som normalt skal brukast.

Evangelieleasinga kan innleiast med evangelieprosesjon med lys mm.

Det vil vera mogeleg å variera med ulike Hallelujaomkvad frå salmeboka ut frå dagens karakter, Til vanleg nyttar vi «Benedicamus»

9. Truvedkjenning. Ta stilling til om den nikenske truvedkjenninga skal erstatta den apostoliske på enkelte dagar, og om truvedkjenninga normalt skal lesast eller syngast.

- Truvedkjenninga vert sagt fram. Normale nyttar vi Apostolikum. Men på høgtidsdagar kan ein nytte Nicenum.
- Ved familiegudsteneste vil vi til vanleg vil ein nytte ei kort truvedkjenning med lystenning henta frå sundagskulen sin liturgi.

10. Forbøn/kyrkjelydssvar. Ta stilling til kva forbønsmodell som normalt vert brukt, og kva kyrkjelydssvar ein normalt brukar, og variasjonar i kyrkjeåret (t.d. litani i fastetida).

Det normale kyrkjelydsvaret vert «Herre høyr vår bøn». Andre bønesvar kan nyttast ut frå gudstenesta sin karakter

Til vanleg nyttar ein punkt III og IV s 235ff, formulerte forbøner

Vi kan nytta Litaniet i fastetida, evt Fredslitaniet ved andre høve.

11. Kyrkjelyden sitt takkoffer. Ta stilling til plassering og tilrettelegging. Ta stilling til om kyrkjelyden skal delta på siste setning i bøna etter takkofferet/førebuinga til måltidet.

Takkofferet vert teke inn ved at ein går rundt alteret, eller i benkene, og elektronisk ved td. VIPPS under førebuing av nattverdsmåltidet.

Kyrkjelyden tek del under siste setninga i bøna etter takkofferet/førebuinga til måltidet.

12. Dekking av bordet. Ta evt. stilling til frambering og dekking av bordet.

Unntaksvis kan det vere frambering av vin og brød under salmen.

13. Fadervår. Ta stilling til kva versjon som skal brukast og om fadervår normalt skal lesast eller syngast.

Kyrkjelyden nyttar Herrens bøn i ny språkdrakt «Vår Far...»). Bøna kan syngast.

14. Fredshelsing. Ta stilling til om kyrkjelyden helser kvarandre med handtrykk etter fredshelsing når smitteverntilhøva opnar for det.

Ein nyttar normalt ikkje handtrykk etter fredshelsinga.

15. Utdeling. Ta stilling til utdelingsform (det normale bør vera med særkalk, jfr pkt 35) type brød, vin og kva utdelingsord som skal brukast.

Utdelinga skjer normalt som kontinuerleg ståande nattverd. Folk kjem fram i rad og tek med eit beger, får brødet og tek deretter imot vinen.

Her kan vera salmesong/musikk/stille under utdelinga.

Det vert nytta alkoholfri raud vin og glutenfrie nattverdoblat.

Utdelingsorda vi nyttar er anten:

Kristi kropp gjeve for deg.

Kristi blod gjeve for deg.

Eller (særleg ved familiegudsteneste):

Dette er Jesu kropp.

Dette er Jesu blod.

16. Etter utdelinga: Ta stilling til om liturgen seier heile tilseiingsordet, eller om kyrkjelyden les med på siste del.

kyrkjelyden les med på siste del av tilseiingsord.

17. Avslutninga av måltidet. Ta stilling til om liturgen les takkebøna aleine, eller om alle les høgt siste setning der det opnar for dette.

Kyrkjelyden les høgt med på siste setning i takkebøna

18. Retningslinjer for hovudgudstenester i årsplanen

- Vi feirar gudsteneste på alle sundagar og høgtidsdagar i kyrkja eller i friluft, med unntak av når ein har felles gudsteneste med andre kyrkjelydar lokalt.
- Einskilde «2.-dagar» kan falle ut etter lokale strategiske vurderingar
- Vi skal normalt ha ei familiegudsteneste i månaden. Ein del av desse er gudstenester knytt til trusopplæring og konfirmasjonstid. For å gjennomføra desse, må ein ved enkelte høve nytta fleire tidspunkt og dagar.
(For å gjennomføra gudsteneste ved konfirmasjonar har vi gjennomført mellom 8 og 13 gudstenester i Stord kyrkje, fordelt på 2 helgar i mai. Vi brukar både laurdag og søndag til gudsteneste. Ved familiegudstenesta med utdeling av 4-årsbok har vi hatt minst to gudstenester same dagen, for at flest mogeleg skal få vera med. For meir detaljar kring familiegudstenestene sjå årshjul.)
- Særskilte gudstenester som markerer kyrkjelyden sitt diakonale arbeid og misjonsengasjement skal gjennomførast kvart år etter plan.

- Det skal etter plan vere høve til å feire nokre gudstenester i året med anna musikalsk uttrykk og fokus enn det den lokale grunnordninga legg opp til som normalt.
- Det skal leggst til rette for dåp så ofte som mogleg. Tal dåp i ei gudsteneste bør ikkje stige over fire dåpsbarn pr. gudsteneste. Det kan leggst til rette for egne dåpsgudstenester når dette vert naudsynt.
- Dåp i gudstenesta kjem normalt etter ledd 7 «Lovsong»

19. Bruk av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta

Kyrkjerommet er ferdig rydda og lysa tende seinast 15. min. før handlinga tek til, slik at det kan vere stille i rommet.

Etter gudstenesta er det normalt høve å nytte rommet til fellesskap i kyrkjelyden, td. kyrkjekaffi.

20. Bruk av medliturgar, og bruk av liturgiske klede for ikkje-vigsla medliturgar

Det er oppfordra til å nytte medliturgar i gudstenesta i tillegg til klokkar.

Medliturg kan nytte liturgiske klede der det er naturleg ut frå tenestens karakter, eller medliturgen si faste teneste og rolle i kyrkjelyden.

21. Bruk av prosesjonar, prosesjonskross og lys

Ved dåp er det normalt prosesjon der dåpsborna / kandidatane tek del.

Det er høve til prosesjon ved andre gudstenester og.

Det vert nytta prosesjonskross, og ved dåp bærer ein inn dåpsvatnet. Vidare kan ein nytte lys der det høver.

22. Retningslinjer for privat fotografering, lyd og bildeopptak

Det er høve til diskre fotografering og film undervegs i gudstenesta til privat bruk i tråd med gjeldande GDPR-reglar og lover.

23. Andre faste rutinar

Når det er søndagsskule under gudstenesta skal skattekista opnast under 3 | Helsing.

Liturgi

Stord og Nysæter kyrkjelyd

Framlegg september 2020

Om liturgisk musikk, vi har gått utfrå almenn serie 1, som var den som vi nytta i Nysæter kyrkje 22. august.
Begge GUV 24.09

Høgmesse

I. SAMLING

1 | Førebuing

Klokkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag

ML | Her ønskjer medliturg eller klokkar kyrkjelyden velkommen til gudstenesta og gjev aktuelle opplysningar om gudstenesta.

Blir avslutta med:

ML | Lat oss vere stille for Gud

Kort stille

Tre klokkeslag

*2 | Inngangssalme / Preludium

Under inngangssalmen er det inngangsprosesjon når det er dåp eller born tek del i gudstenesta. Kyrkjelyden står under denne salmen.

*3 | Helsing

L | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Dei ulike alternativa side 154.

4 | Samlingsbøn

Normalt blir ein av dei åtte skrivne bønene brukt, 1-8(154-155, og 193-195), eller ein kan nytte dagens bøn

ML | Lat oss be

Bøna vert avslutta med:

ML | Gud vi bed

A | Amen

5 | Syndsvedkjenning

Før innleiingsordet kan seiast:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Vin det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv.

Matt 22,37-39

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

¹

A | Gud, ver meg syndar nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste – med tankar og ord,
med det eg har gjort og med det eg har forsømt.

Tilgi meg syndene mine for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte og gi meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.

Lovnadsord

L | Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er Gud trufast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

1. Joh.1,9

²

L | Så høg som himmelen er over jorda, så stor er Herrens nåde over dei som ottast han. Så langt som aust er frå vest, så langt tek han våre synder bort frå oss.

Salme 103,11-12

6 | Bønerop KYRIE

Fleire Kyrie kan nyttast.

Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna meg.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna meg.

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna meg.

7 | Lovsong GLORIA

Fleire Gloria kan nyttast.

Gloria kan utelatast i enkelte gudstenester (t.d. i fastetida).

L | Ære være Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilber deg, vi opphøgjer deg. Amen.

(8 | Dagens bøn)

(Kan nyttast side 200-207)

II. ORDET

Kyrkjelyden står under evangelieleasinga og sit under dei andre lesingane.

9 | Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

ML | Det står skrive hos/i...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10 | Bibelsk salme / Salme / stille

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, eller det kan vera stille ei kort stund mellom lesingane. Kan og framførast song/musikk.

11 | Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia.

ML | Det står skrive hos/i...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

*12 | Evangelium

Lesinga kan innleiest med evangelieprosesjon med lys mm.

Det vil vera mogeleg å variera med ulike Hallelujaomkvad frå salmeboka ut frå dagens karakter, Til vanleg nyttar vi «Benedicamus»

L | La oss prisa Herren.

A | Gud vere lova halleluja, halleluja, halleluja

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter...

Kyrkjelyden står under lesinga.

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Salme

Kort salme, eller hallelujaomkvad etter lesinga

13 | Preike

*14| Truvedkjenning Credo

Truvedkjenninga vert sagt fram. Normale nyttar vi apostolikum.

Dersom det er dåp i gudstenesta, vert truvedkjenninga utelaten her.

Kyrkjelyden står under truvedkjenninga

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru

A | Eg trur på Gud Fader den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria Møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydd og vart gravlagd, før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

Den apostoliske truvedkjenninga

På høgtidsdagar kan ein nytte Nicenum

A | Vi trur på ein Gud, den allmektige Far, som har skapt himmelen og jorda, alt synleg og usynleg.

Vi trur på ein Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, fødd ikkje skapt av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen. Ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus. Leid og vart gravlagd stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved Faderens høgre hand, skal koma att og dømme levande og døde. Hans rike skal vere utan ende.

Vi trur på Den Heilage Ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, blir tilbeden og æra samen vid Faderen og Sonen og har talt gjennom profetane. Vi trur på ei heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest ein dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda.

Amen.

15 | SALME

Denne salmen kan falla bort om truvedkjenninga vert sunge.

16 | Kunngjeringar

Kunngjeringane høyrst att i forbøna

18 | Forbøn for kyrkja og verda

Normalt nyttar ein punkt III og IV s 235ff, formulerte forbøner

Vi kan nytta Litaniet i fastetida, evt fredslitaniet ved høve.

Kyrkjelydssvar

Normalt nyttar vi:

Herre, høyr vår bøn. (Tal svar vert tilpassa forbøna for dagen.)

Andre bønesvar kan nyttast ut frå gudstenesta sin karakter

Vi minnst dei døde og bed for dei sørgjande (som del av forbøna)

ML | Vi reiser oss og minnst dei i kyrkjelyden vår som er døde og gravlagde sidan sist vi var samla:

Dei døde vert nemnde med fullstendige namn.

ML | Miskunsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver nær dei i tida som kjem!

Kyrkjelyden syng kyrkjelydssvaret som nyttast i forbøna.

19/20 | Takkoffer/nattverdsalme

Vert teke inn ved at ein går rundt alteret, eller i benkene, og elektronisk ved td. VIPPS under førebuing av nattverdsmåltidet. Bordet blir dekket (unntaksvis kan det vere frambering av vin og brød under salmen.)

Ofringa avsluttast med ei kort bøn, til dømes denne:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Om det ikkje er nattverd går ein til ledd 24 (s191)

III. NATTVERD

***21 | Takkseiing og bøn**

Nattverdbøn

Helsing PREFASJONSDIALOG

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K | Og vid deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.
K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.
L | Lat oss takka Herren vår Gud.
K | Det er verdig og rett

Innleiande lovprisning PREFASJON
Lovprisinga er tilpassa kyrkjeåret (sjå s. 244-246)

Heilag SANCTUS Almenn serie 1(fest og faste)

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda VERBA
L kan bruka dei ulike alternativa frå A-G

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L | Mysteriet i trua er stort
A | Kristus døydde, Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Bøn

Herrens bøn (kan syngast)

A | Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

*22 | Nattverdsmåltidet

Fredshelsing PAX

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam AGNUS DEI (almenn serie 1, fest og faste)

A | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

L | Kom for alt er gjort ferdig.

Utdelinga skjer normalt slik: Folk kjem fram i rad og tek med eit beger, får brødet og tek deretter imot vinen.

Her kan vera salmesong/musikk/stille under utdelinga

Utdelingsorda

Kristi kropp gjeve for deg.

Kristi blod gjeve for deg.

eller:

Dette er Jesu kropp.

Dette er Jesu blod.

Born og andre som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

t.d med orda: Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Etter utdelinga:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle vår synder.

A | Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L | Fred vere med dykk.

23 | Avslutning av måltidet

Takkebøn

Her bed ein ei av takkebønene side 190

eks:

L/ML | Lat oss takka og be

Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

A | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

IV. SENDING

*24 | Salme

Kyrkjelyden står under denne salmen. (Salmen kan flyttast til postludium.)

25 | Velsigning

Lovprisning BENEDICAMUS

L | Lat oss prise Herren.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Velsigning

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.

K | Amen. Amen. Amen.

Eller

A | Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg.

Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg.

L seier | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.

A | Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg.

Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg.

Tre gonger tre bøneslag

26 | Postludium og utsending

Kyrkjelyden blir sitjande under postludiet. Dersom det er utgangsprosesjon, går kyrkjelyden ut under postludiet.

Utsendingsord

L | Gå i fred. Ten Herren med glede.

*

Liturgi

Stord og Nysæter kyrkjelyd

Framlegg september 2020

Om liturgisk musikk, vi har gått utfrå almann serie 1, som var den som vi nytta i Nysæter kyrkje 22. august.
Begge GUV 24.09

Familiegudsteneste

I. SAMLING

1 | Førebuing

Klokkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag

ML | Her ønskjer medliturg eller klokkar kyrkjelyden velkommen til gudstenesta og gjev aktuelle opplysningar om gudstenesta.

Blir avslutta med:

ML | Lat oss vere stille for Gud

Kort stille

Tre klokkeslag

*2 | Inngangssalme / Preludium

Under inngangssalmen kan det vere inngangsprosjon når det er dåp eller born tek del i gudstenesta. Då kan og ting til altaret bli borne inn. Kyrkjelyden står under denne salmen.

*3 | Helsing

L | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Dei ulike alternativa side 154.

4 | Samlingsbøn

Normalt blir ein av dei åtte skrivne bønene, gjerne ei hermebøn 1-8(154-155, og 193-195) el. lokalt brukte som Kjære Gud ta handa mi - slepp ho aldri ut av di - lei meg på din veg i dag- gjer meg trygg og god og glad- amen.

ML | Lat oss be

Bøna vert avslutta med:

ML | Gud vi bed

A | Amen

5 | Syndsvedkjenning

Kan bruke denne med bevegelsar og gjentaking, eller ei av dei som vi elles brukar.

L | Gud ver meg syndar nådig

Dine synder er deg tilgjevne

Lovnadsord

L | Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er Gud trufast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

1. Joh.1,9

2

L | Så høg som himmelen er over jorda, så stor er Herrens nåde over dei som ottast han. Så langt som aust er frå vest, så langt tek han våre synder bort frå oss.

Salme 103,11-12

7 | Lovsong GLORIA

Fleire Gloria kan nyttast.

Gloria kan utelatast i enkelte gudstenester (t.d. i fastetida).

L | Syng for Herren pris hans namn, forkynn frå dag til dag, hans frelse

K | Måne og sol, vindar og hav
og blomar og barn skapte vår Gud.
Himmel og jord, allting er hans,
Herren vår Gud vil vi takka.

Omkved

Herre, vi takkar deg,
Herre, vi prisar deg,
Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

2 Jesus, Guds Son, død på ein kross,
for alle, for oss, lever i dag.
Ja, han er her, ja, han er her.
Herren vår Gud vil vi takka.

Omkved

Herre, vi takkar deg,
Herre, vi prisar deg,
Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

3 Anden, vår trøyst, levande, varm
og heilag og sterk, talar om Gud,
leier oss fram dag etter dag.
Herren vår Gud vil vi takka.

Omkved
Herre, vi takkar deg,
Herre, vi prisar deg,
Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

II. ORDET

I Familiegudstenester nyttar vi normalt ei tekstlesing, og då blir det normalt evangeliet som blir lese.

*12 | Evangelium

Lesinga kan innleiest med evangelieprosesjon med lys mm.
Det vil vera mogeleg å variera med ulike Hallelujaomkved frå salmeboka ut frå dagens karakter, Til vanleg nyttar vi «Benedicamus»

L | La oss prisa Herren.

A | Gud vere lova halleluja, halleluja, halleluja

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter...
Kyrkjelyden står under lesinga.

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Salme

Kort salme, eller hallelujaomkved etter lesinga

13 | Preike

*14| Truvedkjenning CREDO

Truvedkjenninga vert sagt fram.
Dersom det er dåp i gudstenesta, vert truvedkjenninga utelaten her.
Kyrkjelyden står under truvedkjenninga

*Til vanleg vil ein nytte ei kort truvedkjenning med lystenning henta frå
sundagskulen sin liturgi*

Lystenning

ML | Vi trur på Gud vår Far som har skapt oss

A | Vi trur på Gud vår Far som har skapt oss

Lystenning

ML | Vi trur på Jesus, Guds son, som har frelst oss

A | Vi trur på Jesus, Guds son, som har frelst oss

Lystenning

ML | Vi trur på Den heilage ande, som gir oss kraft

A | Vi trur på Den heilage ande, som gir oss kraft

Eller ein kan nytte apostolicum

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru

A | Eg trur på Gud Fader den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria Møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

15 | SALME

Denne salmen kan gjerne være ei truedkjenningsalme, eks: NoS 243, Gud skapte lyset

16 | Kunngjeringar

18 | Forbøn for kyrkja og verda(168ff)

Det kan nyttast ein bønesalmen, t.d. «Eg faldar mine hender små» eller andre høvelege bønner / salmar

Ein kan og t.d. nytte bøna i punkt II, alternativt forbøn 4, s 240, formulerte forbønner.

Kyrkjelydssvar (Antal svar vert tilpassa forbøna for dagen.)

1

Herre, høyr vår bøn.

Andre bønesvar kan nyttast ut frå gudstenesta sin karakter

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande (som del av forbøna)

ML | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som er døde og gravlagde sidan sist vi var samla:

Dei døde vert nemnde med fullstendige namn.

ML | Miskunsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver nær dei i tida som kjem!

Kyrkjelyden syng kyrkjelydssvaret som nyttast i forbøna.

19/20 | Takkoffer/nattverdsalme

Vert teke inn ved at ein går rundt alteret, eller i benkene, under førebuing av nattverdsmåltidet. Bordet blir gjort klar (unntaksvis kan det vere frambering av vin og brød under salmen.) Sjå merknad på høgmesseforslaget.

Ofringa avsluttast med ei kort bøn, til dømes denne:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Om det ikkje er nattverd går ein til ledd 24 (s191)

III. NATTVERD

***21 | Takkseiing og bøn**

Nattverdbøn

Helsing PREFASJONSDIALOG

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K | Og med deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett

Innleiande lovprisning PREFASJON

Lovprisinga er tilpassa kyrkjeåret (sjå s. 244-246)

Heilag SANCTUS Almenn serie 1(fest og faste)

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda VERBA

L alternativ F

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om vig. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Bøn

Herrens bøn

A | Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

***22 | Nattverdsmåltidet**

Fredshelsing PAX

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam AGNUS DEI (almenn serie 1, fest og faste)

A | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

L | Kom for alt er gjort ferdig.

Utdelinga skjer normalt slik: Folk kjem fram i rad og tek med eit beger, får brødet og mottek deretter vinen.

Her kan vera salmesong/musikk/stille under utdelinga

Utdelingsorda

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

eller:

Kristi kropp gjeven for deg.

Kristi blod gjeven for deg.

Born og andre som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

t.d: Herren velsigne deg og vare deg.

Etter utdelinga:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle vår synder.

A | Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L | Fred vere med dykk.

23 | Avslutning av måltidet

Takkebøn

Her bed ein ei av takkebønene side 190

eks:

L/ML | Lat oss takka og be

Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

A | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

IV. SENDING

*24 | Salme

Salmen kan flyttast til postludium. Kyrkjelyden står under denne salmen

25 | Velsigning

Lovprisning BENEDICAMUS

L | Lat oss prise Herren.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Velsigning

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.

K | Amen. Amen. Amen.

Eller

A | Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg.

Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg.

L seier | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.

A | Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg.

Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg.

Tre gonger tre bøneslag

26 | Postludium og utsending

Kyrkjelyden blir sitjande under postludiet. Dersom det er utgangsprosesjon, går kyrkjelyden ut under postludiet.

Utsendingsord

L | Gå i fred. Ten Herren med glede.